



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Ørsta rådhuset, Hjørundfjord
Dato: 02.03.2020
Møtet starta Kl. 13.00
Møtet slutta Kl. 15.20

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Sven Castberg	Leiar.
Jetmund Øye	Nestleiar.
Tore Thon	Medlem.
Hilde Aambakk	Medlem.
Sylvi Gulla Hovdenakk	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

Frå Vest kontroll//andre møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møtte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef

Frå kommuneadministrasjonen og politisk leiing:

Namn	Stilling
Wenche Solheim	Rådmann. I sak 18/20.

SAKLISTE

- SAK 12/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 13/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 14/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 15/20 MELDINGAR
- SAK 16/20 KONTROLLRAPPORT – ÅRSMELDING 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 17/20 ÅRSPLAN 2020 – KONTROLLUTVALET ØRSTA KOMMUNE
- SAK 18/20 ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN VEDKOMANDE HABILITET FOR
EINIGSLEIAR

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/20	033	11.02.2020	02.03.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Sylvi Gulla Hovdenakk.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/20	049	11.02.2020	02.03.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 03.02.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 03.02.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/20	033&58	24.02.2020	02.03.2020	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.
2. Kontrollutvalet ber om at det i dei kommunale møteprotokollane må gå direkte fram kva som er vedteke utan at ein må gå tilbake i andre dokument for å finne dette ut.
3. Kontrollutvalet etterlyser skriftleg prosess kring utpeiking/forslag til ulike styreverv, for eksempel i Tussa og VØR. Dette fordi utvalet etterlyser argumentasjon for «valet» av dei aktuelle kandidatane. Utvalet ber om, om det finst, retningsliner for dei ulike vala
4. Kontrollutvalet fordeler gjennomgang av møtebøker slik:

Alle:	Kommunestyret Formannskapet Formannskapet som klageutval Formannskapet som klageutval for klientsaker og Barnehageopptak
Sven Castberg:	Levekårsutvalet Selskap
Jetmund Øye:	Landbruksutvalet Vilt- og innlandsfiskeremnda
Sølvi Gula Hovdenakk:	Administrasjonsutvalet Arbeidsmiljøutvalet Sakkyndig klagenemnd for taksering av

eigedomsskatteobjekt
Sakkyndig nemnd for taksering av eigedomsskateobjekt

Tore Thon: Samfunnsutvalet
Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd
Valstyret
Hilde Aambakk Eldrerådet
Råd for likestilling av funksjonshemma
Ungdomsrådet

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Ørsta kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/orsta/dmb>
og på www.vor.no

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:

Arbeidsmiljøutvalet:

Eldrerådet:

Formannskapet:

28.01

Formannskapet som klageutval:

Formannskapet som klageutval:

for klientsaker og barnehageopptak:

Kommunestyret:

13.02

Landbruksutvalet:

03.02

Levekårsutvalet:

Råd for likestilling av funksjonshemma:

Sakkunnig klagenemnd for taksering –

av eigedomsskattobjekt:

Sakkunnig nemnd for taksering –

av eigedomsskattobjekt:

27.01 10.02

Samfunnsutvalet:

Samfunnsutvalet som trafikktryggingsnemnd:

Ungdomsrådet:

Valstyret:

Vilt- og innlandsfiskeremnda:

VØR IKS Styret

04.02

VØR IKS Representantskapet

VØR IKS Klageutvalet

Retura Søre Sunnmøre AS

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/20	033&17	25.02.2020	02.03.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Kontrollutvalet registrerar at rådmannen ikkje har hatt høve til å gi tilbakemelding på investeringsprosjekt slik utvalet ba om i møte den 03.02.2020. Kontrollutvalet vil be rådmannen gi tilbakemelding på flg. prosjekt så dei har det i god tid før møtet den 17.04.2020:

- Ombygging av inngangen på servicekontoret i rådhuset
- Hovden skule, renoveringa
- Utbygging av Melsgjerde industriområde
- Bygging av Ørstahallen

Utvalet ber om svar på:

1. Kva er opprinneleg løyving og når var den gitt?
2. a. Når vart det gitt tilleggsløyving?
b. Kva vart dekkja av tilleggsløyvinga(ane)?
c. Kva var økonomisk status då tilleggsløyvinga(ane) vart gitt (var eksisterande løyving allereide brukt opp)?
3. Kva vart den totale løyvinga?
4. Kva vart den faktiske kostnaden på prosjektet?

Kontrollutvalet ber om å få resten av prosjekta til sitt møte 25.05.2020.

Kontrollutvalet gjer merksam på at sekretariatet må ha tilbakemeldingane om lag 14. dagar før møta.

Vedlegg

1. Dokument. Sak: Oppfølging av kommunestyresak 85/19. Forvaltningsrevisjon av Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR).
2. E-post, av 24.02.2020. Tilbakemelding – Investeringsprosjekt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/20	232	25.02.2020	02.03.2020	KS

KONTROLLRAPPORT – ÅRSRAPPORT FOR 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har, ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport og Skatterekneskapen for 2019.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten av 17.02.2020
- Årsrapport for 2019 frå Skatteoppkrevjaren av 23.01.2020
- Skatterekneskapet for 2019 av 23.01.2020

- Årsmelding for interkommunal arbeidsgivarkontroll 2019 av 17.01.2020

Saksopplysning

Viser til kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsrapporten frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane, men her er auke særleg på arbeidsgivaravgift, vesentleg grunna stor konkurs. Vanskeleg å inn forskotsskatt og rests katt på person. Sjå årsmeldinga pkt. 3.1.

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgjevarkontroll er ikkje utført i tilstrekkelig omfang 3,3%. 2,2% i 2018, 3,7 % i 2017 og 1,9% i 2016) medan kravet er på 5%.
Kontrollane er utførde av den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen viser kr 286.051.975 i 2019. I 2018 var beløpet kr 277.117.532.
Det vil seie ein auke på kr 8.934.443, eller om lag 3,22%.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	033	26.02.2020	02.03.2020	JS og KS

ÅRSPLAN 2020 – KONTROLLUTVALET ØRSTA KOMMUNE

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsplanen for kontrollutvalet 2020 til vitende.

Vedlegg

Årsplan for kontrollutvalet 2020. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsplan for kontrollutvalet 2020.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/20	047	27.02.2020	02.03.2020	KS

ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN VEDKOMANDE HABILITET FOR EININGSLEIAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitende.
2. Kontrollutvalet registrerar at rådmannen er merksam på dei formelle habilitetsreglane for saksbehandlar i byggesaker Bjørn Ole Vassborn.

3. Kontrollutvalet meiner det er uheldig at tilsette i leiande stillingar har private engasjement i selskap som kan vere i direkte relasjon til arbeidet i kommunen. Då det kan stillast spørsmål om det kan på virke saksbehandlinga i kommunen.

I møtet

Kommunedirektør Wenche Solheim møtte, orienterte og svarta på spørsmål.

Kommunedirektøren ser ikkje at det kan oppstå utfordringar knytt til habilitet i samband med at tilsett einingsleiar for byggesaker og oppmåling Bjørn Ole Vassbotn også er medeigar og nestleiar i styret i Norbohus Volda AS. Ho meiner at når Vassborn er inhabil vil overordna sakshandsamar i kommunen stå for sakshandsaminga, eller at saka vert sendt til samfunnsutvalet for vurdering. Det er å forstå slik at Vassbotn ikkje vil vere involvert i sakshandsaming av saker der Nordbohus Volda AS er involvert.

Etter orienteringa og spørsmålsstillingar gjekk kommunedirektøren frå møte.

Kontrollutvalet vi peike på at det også kan oppstå inhabilitet i saker er konkurretar av Norbohus Volda AS er involvert, sjølv om ikkje Norbohus Volda AS er direkte involvert i saka.

Kontrollutvalet registrerer at kommunedirektøren vil følgje opp formalitetane knytt til Vassbotn som sakshandsamar i ulike byggesaker. Men habilitet gjeld ikkje alltid berre om det formelle, det handlar minst like mykje om kva omgivnadane meiner/oppfattar. Handling i strid innbyggjarane si forståing av ei sak kan skade kommunen sitt omdøme.

Vedlegg

1. E-post, av 26.02.2020. «Heldig eller uheldig?».
2. Frå avisa Møre, av 15.02.2020. «Forstår spørsmål kjem, men eg har vore open».

Saksopplysningar

Rådmannen er innkalla til møte i kontrollutvalet for å gi ei orientering om habilitet vedkomande einingsleiar for byggsak og oppmåling.

Møtet slutt.

Sven Castberg
- leiar -

Sylvi Gulla Hovdenakk
-medlem-

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.